



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/956 - 1
----------------------------------	---------------	------------------------------------

Revisjon av investeringsramma i budsjett- og økonomiplanen for åra 2026 - 2027

Kort samandrag:

Kommunedirektøren legg fram budsjettrevisjon for investeringar i 2026 -2027. Saka kjem i tillegg til den ordinære budsjettrevisjonen som vert lagt fram i samband med 2. tertialrapport.

Bakgrunnen for saka er nye investeringsbehov knytt til oppgradering av rådhuset og behov for kjøp av fleire kommunale utleigebustader. Samstundes er det gjennomført ein ny gjennomgang av investeringsbudsjettet for 2026. Gjennomgangen viser at fleire planlagde investeringar er forseinka, eller har ei endra framdrift som gjer at heile den budsjetterte løyvinga ikkje vil bli nytta i inneverande år.

Kommunedirektøren tilrår difor å omprioritera midlar innanfor investeringsbudsjettet, slik at nye og prioriterte behov kan finansierast ved å redusera eller ved å skyva løyvingar til prosjekt som har lågare framdrift enn føresett.

Dei største føreslegne budsjettløyvingane for inneverande budsjettår er 15 mill. kroner til oppgradering av rådhuset og 10 mill. kroner til kjøp av kommunale bustader.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:
 - Asfaltering vert redusert med 3 mill. kroner, frå 5 mill. kroner til 2 mill. kroner.

- Lærdalsøyri skule - byggetrinn 4 vert redusert med 10 mill. kroner, frå 30 mill. kroner til 20 mill. kroner.
- Flaumsikringprosjektet vert redusert med 1,5 mill. kroner, frå 3 mill. kroner til 1,5 mill. kroner.
- Klyngjetun/bufellesskap vert redusert med 1,9 mill. kroner, frå 2,9 mill. kroner til 1 mill. kroner.
- Gjennomgangsbustad i Saltkjelen vert redusert med 4,5 mill. kroner, frå 4,5 mill. kroner
- Kulturbygg Galdane vert auka med 0,6 mill. kroner, frå 0,6 mill. kroner til 1,2 mill. kroner.
- Oppgradering av rådhuset får ei løyving på 15 mill. kroner.
- Kjøp av kommunale bustader får ei løyving på 10 mill. kroner.

2. Samla investeringsbudsjett vert etter desse endringane auka med netto 4,7 mill. kroner. Finansieringa av investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med endringane, med tilhøyrande justering av bruk av disposisjonsfondet og meirverdiavgiftskompensasjon.

3. Investeringsprosjekt som vert reduserte i år som følgje av forskyvd framdrift, vert vurderte på nytt i samband med budsjett- og økonomiplanen for 2027–2030.

27.08.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 063/26 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

- Asfaltering vert redusert med 3 mill. kroner, frå 5 mill. kroner til 2 mill. kroner.
- Lærdalsøyri skule - byggetrinn 4 vert redusert med 10 mill. kroner, frå 30 mill. kroner til 20 mill. kroner.
- Flaumsikringprosjektet vert redusert med 1,5 mill. kroner, frå 3 mill. kroner til 1,5 mill. kroner.
- Klyngjetun/bufellesskap vert redusert med 1,9 mill. kroner, frå 2,9 mill. kroner til 1 mill. kroner.
- Gjennomgangsbustad i Saltkjelen vert redusert med 4,5 mill. kroner, frå 4,5 mill. kroner
- Kulturbygg Galdane vert auka med 0,6 mill. kroner, frå 0,6 mill. kroner til 1,2 mill. kroner.
- Oppgradering av rådhuset får ei løyving på 15 mill. kroner.
- Kjøp av kommunale bustader får ei løyving på 10 mill. kroner.

2. Samla investeringsbudsjett vert etter desse endringane auka med netto 4,7 mill. kroner. Finansieringa av investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med endringane, med tilhøyrande justering av bruk av disposisjonsfondet og meirverdiavgiftskompensasjon.

3. Investeringsprosjekt som vert reduserte i år som følgje av forskyvd framdrift, vert vurderte på nytt i samband med budsjett- og økonomiplanen for 2027–2030.

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Kommunestyret vedtok investeringsbudsjettet for 2026 som ein del av budsjett- og økonomiplanen. Investeringsbudsjettet omfattar ei rekkje større og mindre prosjekt, og gjennomføringa av desse må vurderast fortløpande opp mot framdrift, kapasitet og endra behov.

Den ordinære budsjettrevisjonen vert gjennomført i samband med tertialrapporteringa. Det har no oppstått nye investeringsbehov som kommunedirektøren meiner det er nødvendig å ta stilling til før den ordinære revisjonen ved 2. tertialrapport som kjem i oktober.

Administrasjonen har difor samstundes gjennomført ein gjennomgang av dei største investeringsprosjekta for å vurdere kva løyvingar som realistisk vil bli nytta i 2026.

Etablering av avdelingskontor for interkommunal barnevernteneste i Lærdal

Behovet for oppgradering av rådhuset kjem som følgje av at det er vedteke at det skal vera eit avdelingskontor i Lærdal i tillegg til hovudkontoret som ligg i vertskommunen Sogndal. Det er planlagt at inntil 10 stillingar skal vera lokalisert i Lærdal. Som følgje av sonderingar og synfaringar har me landa på at lokala der vaksenopplæringa held til i dag i ein del av rådhuset, er eigna lokale for denne tenesta. Me er i ein dialog med Sogndal kommune som vertskommune for å bygga om og oppgradera lokala slik at dei er tilpassa tenesta sitt behov. Det vil vera eit leigeforhold mellom Lærdal kommune som byggeigar og Sogndal kommune som tenesteytar.

Oppgradering av rådhuset er eit investeringsprosjekt som ligg i gjeldande økonomiplan med totalt kr. 40,5 mill i perioden 2027-2029. Forslaget er at me framskundar dette prosjektet til 2026 - 2027 med 15 mill. kroner i år og 25,5 mill i 2027. Totalinvesteringa i økonomiplanen er i utgangspunktet tenkt heile rådhuset.

Kjøp og sal av kommunale bustader

I 2025 var det satt av kr. 10 mill i investeringsbudsjettet, her blei det brukt i underkant av kr. 6 mill i 2025 til kjøp av to leileigjheiter på Lærdalsøyri. Resten av løyvinga blei ikkje flytta over til i år då me har hatt behov for å bruka meir tid på å vurdere behovet på nytt. Me erfara

at bustadmarkedet i Lærdal framleis er "stramt", og det er få bustader som tilgjengelege både for leige og for sal.

Kommunen og særleg flyktingtenesta har eit kontinuerleg behov for utleigebustader, og ein stor del av bustadmassen me rår over no er framleigekontraktar med private huseigarar. Det har no opna seg høve til å kjøpa tre leiligheiter som me i dag leiger i Soldal bustadsameige til fastpris, totalt 8,25 mill. kroner + omkostningar. Leiligheitane har 2-3 soverom, dei ligg sentralt på Lærdalsøyri og har tilkomst med heis.

I tillegg ei leiligheit i eit nyetablert sameige i Uthushaugen er det er planlagt byggestart no i september med ferdigstilling i 2027. Denne leiligheita reserverte me i utgangspunktet i 2024 men prosjektet har streva med å koma i gang.

Dette er ei leiligheit som ligg på bakkeplan med tre soverom, kjøpesum her er 3,68 mill. kroner + omkostningar. Her vil betalinga fordela seg mellom 2026 og 2027 der du betalar ved byggestart, undervegs og ved ferdigstilling.

I samsvar med bustadpolitisk handlingsplan er det på gang ein prosess med å selja nokre av bustadane til leigetakarar som har budd der lenge ("leie til eie").

Andre investeringsprosjekt

Asfaltering av Øyragata kan ikkje settast i gang i år. Dette skuldast at det er behov for å gjera eit grunnlags- og førebuiingsarbeid før sjølve asfalteringa. Dette er forklaringa på at delar av løyvinga er føreslege overført til 2027.

Flaumsikringsprosjektet er forseinka på grunn omfattande arbeid knytt til planprogrammet for områdereguleringa, og halve løyvinga er difor føreselge overført til 2027.

Byggestart for ombygging av Lærdalsøyri skule og byggetrinn 4 skal etter planen settast i gang i oktober, ny og utsett anbudsrunde er under arbeid. Løyvinga må omfordleaste der ein større del vil koma i 2027.

Etablering av utleigebustad i Saltkjelen er under planlegging men administrasjonen har behov for å kartlegga grundigare kva målgruppe bustaden skal ha med tanke på ei innretning der me kan få støtte gjennom Husbanken sine ordningar.

Investeringa som gjeld kulturbygg i Galdane er underbudsett, det vil vera behov for å auka denne løyvinga frå 600.000 kroner til 1,2 mill. kroner.

Økonomiske konsekvensar

Investeringane for 2026 får ein nettoauke med 4,7 mill kroner. I budsjettet er det lagt til grunn at delar av investeringane skal finansierast med k10 mill. kroner av disposisjonsfondet. Det blir føreslege å auka dette beløpet til 14, 7 mill. kroner.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer det som nødvendig å revidera investeringsbudsjettet no, sjølv om kommunen skal gjennomføra ordinær budsjettrevisjon i samband med 2. tertialrapport. Bakgrunnen er særleg behovet for å koma i gang med oppgradering av rådhuset og å ha økonomisk handlingsrom til å kjøpa kommunale bustader når eigna objekt vert tilgjengelege.

Samstundes er det viktig at investeringsbudsjettet er realistisk og speglar den faktiske framdrifta i prosjekta. Erfaring viser at det kan vera krevjande å gjennomføra alle vedtekne investeringsprosjekt innanfor eitt budsjettår. Når prosjekt vert forseinka, er det tenleg å justera årsbudsjettet og eventuelt innarbeida resterande finansieringsbehov i komande budsjett- og økonomiplan.

Dei føreslegne reduksjonane inneber i hovudsak ei forskyving av investeringar og ikkje nødvendigvis at prosjekta vert reduserte eller avslutta. For prosjekt som skal vidareførast, må behovet for løyvingar i seinare år vurderast i samband med budsjett- og økonomiplanen for 2027–2030.

Kommunedirektøren meiner den føreslegne omprioriteringa gir ei meir realistisk innretning av investeringsbudsjettet for 2026, samstundes som kommunen får rom til å handtera nye og prioriterte investeringsbehov.